

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 07.01.2019
SAKSHANDSAMAR: Bård Humberset
SAKA GJELD: **Plan for internrevisjon 2019-2020**

ARKIVSAK: 2019/27
STYRESAK: **013/19**

STYREMØTE: **05.02. 2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret godkjenner forslaget til ny plan for internrevisjon 2019-2020.

Oppsummering

I dette saksframlegget blir det først referert frå revisjonsutvalet si behandling av saka, og tilråding til styret. Deretter blir innhaldet i planen kort oppsummert. Sjølve plandokumentet ligg vedlagt.

Protokollert (ikkje formelt godkjend) frå behandlinga i revisjonsutvalet 12.12.2018:

Oppsummering:

Planen for kommande toårsperiode har vore gjennom ein prosess med mellom anna innspel frå føretaka og andre sentrale interessentar. Eit planutkast med tilrådingar låg vedlagt saka saman med innspel frå føretaka i fulltekst.

Utvalet drøfta det framlagte plangrunnlaget og sa seg nøgd med den prosessen det har vore i forkant av planforslaget. Det framkom semje om at vi tar med oss dei tema som ligg i gjeldande plan, og at dei nye prosjekta viser ein god balanse, og at ein har lytta av dei innkomne innspela.

Det vart kommentert at det ikkje på fleire år har vore prosjekt knytt til økonomistyringa i føretaka, og det i ei tid med stadig strammare økonomi, ikkje minst som følgje av den aktive byggeaktiviteten i helseføretaka dei kommande åra. Utvalet ønskjer å notere seg dette fram mot neste rullering.

Til punktet om samfunnsansvarleg handel vart det kommentert at ein burde innarbeide klima som element i revisjonen. Utvalet merkte seg at dette prosjektet vil kunne få eit grensesnitt mot det nasjonale føretaket Sykehusinnkjøp.

Av drøftinga kom det vidare fram at ein bør arbeide med ei avgrensing av tematikken knytt til legemiddelberedskap, slik at ein tar omsyn til dei andre initiativa som går føre seg regionalt og nasjonalt.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet rår styret til å vedta framlagte forslag til plan for internrevisjon 2019-2020.

Oppsummering av tilrådingane i planen:

Tre internrevisjonsprosjekt blir ferdigstilt tidleg i 2019, altså i planperioden:

- Avansert oppgåveplanlegging
- Internkontroll og risikostyring
- Byggjeprojektet BUS1 i Helse Bergen

To prosjekt i gjeldande plan starter opp ved årsskiftet 2018/2019:

- Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge
- Administrasjon av pasientar på venteliste

Tre prosjekt i gjeldande plan blir rullert vidare inn i ny planperiode.

- IKT-tryggleik

- Bruk av tvang i psykisk helsevern
- Bruk av avtalespesialistar

Fire nye tema blir prioriterte inn i denne planrevisjonen:

- Legemiddelberedskap
- Samfunnsansvarleg handel
- Mottaksmodellen i Bergen
- Variasjon i bruk av helsetenester

I plandokumentet blir det orientert om planprosessen, innkomne innspel, utdyping av kulepunkta ovanfor, og neste steg.

Praksis er at internrevisjonen avklarar rekkefølga på prosjekta med revisjonsutvalet.